

# Mannstrøye frå Os

Av Ingebjørg Gravjord

I kjølvatnet av dei mange strikkeutstillingane i første halvdel av 1980-åra, har det dukka opp mange spennande plagg. Eit slikt er denne trøya frå Dalsbygda i Os kommune. Så langt eg kjenner til er dette den einaste bevarte eldre mannstrøya frå Hedmark av den tradisjonelle typen, og ho er såleis vel verd ei omtale.

Trøya er strikka av tre-tråds heimespunne ullgarn i sauesvart og kvitt og etterpå farga raud. Ho er ringa for halsen, open heilt ned framme og kanta med eit brunt ullstoff i to-skaft binding. Under kantina er raudfargen mykje lysare, noko som viser at trøya er farga etter montering.

Oppleggskanten, omlag sju cm breid, er laga i ein variant av tvebandsstrikking. Det vil seia ein omgang med slyng mot rettsida, deretter ein omgang glattstrikking med to fargar, men trådane som då ligg på vranga er ikkje slynga, i alt tolv omgangar (omlag 3 cm). Etterpå må strikkaren eller brukaren ha funne ut at kanten var for smal, det er tatt opp moskar i oppleggskanten og strikka "nedover" på same måte, til borden er blitt omlag sju cm. Av praktiske grunnar går slyngen vekselvis mot høgre og venstre, slik at den snurren ein får ved å slynge eitt parti blir løyst opp att når ein strikkar neste. Kvart parti er på fem til sju cm, nokså fritt tilpassa.

I nedre kant er sydd til eit mønsterstrikkastykke, omlag 19 cm breitt, einsfarga raudt og mykje falma. Det har ein skøytt i venstre side og er sydd til bulen med kastesting. Stykket syner seg å vera del av eit



pelsskjerf, "muddband", strikka av tre-tråds ullgarn og farga raudt. Både den brune kantina og muddbandet er sydde til trøya med to-tråds ubleikt lin-



tråd, likeins er knapphola sydde med same lintråden. Det kan derfor sjå ut som eit eventuelt skifte av kanting og påskøyting nede er gjort samstundes. Trøya er rundstrikk med omgangsskifte under høgge erme. Ho er klipt opp midt framme. Svake merker etter pinneskifte kan tyde på at ho er strikka med sju pinnar, rundpinne var ukjend. Ermane har ein liten ermtopp og bulen er litt ringa i ermstaupa. Sårkanten på bulen er bretta tilbake på vranga og falla ned med kastesting, også her er nytta ubleikt lingam. Ved handleden er ermane avklipte på grunn av slitasje, men det ligg nær å tru at oppleggskanten kan ha vore nokre omganger med tvebandstrikking som på bulen. På akslene er trøya felt saman med "gamaldags" hælfelling.

Mønstret i trøya er det vi vil kalle eit botnmønster, likt over det heile. Diagonalt stilte ruter med eit lite motiv inni er kjent frå dei eldste bevarte trøyene her i landet, dei importerte silketrøyene frå 1600-talet. Dei hadde ofte ei åtte-tagga stjerne, denne trøya har eit lite blomemotiv. Så langt er dette ukjent, men det kan vera ei forenkling og stilisering av til dømes tulipanen, som var eit mykje nytta dekormotiv i andre samanhengar. Det kan vera kopiert frå eit mønsterblad direkte eller kanskje omforma frå vevnader eller broderi, noko som var svært vanleg.

Utforming og plassering av initialar og årstal, OOSM 1857, minner om trøyer frå Vestlandet (jfr. Strikking i Norge side 45), men liknande trøyer er også kjende frå svensk side. Det som er kjent om slekta gjev ikkje grunnlag for å trekkje konklusjonar om påverknad utanfrå.

Bokstavane OOSM står for Ole Olsen (Lillenaarjord) Myre (1825-1890). Han var oldefar, "gammel-

bestefar", til dagens eigar Tore Østgårdstrøen. I følgje ei utgreiing om slekta, laga til eit slektsstemne i Os i 1981, vart Ole Olsen fødd på Røros, men huslyden flytte til Nylend i Narjordet i 1830. Seinare bygde foreldra opp husmannsplassen Lillenaarjordet. Der budde Ole til han i 1854 fekk skøyte på Øvre Myre. Det er rimelig å tru at han gifte seg på denne tid med Marit Toresdotter Narbuvoll (f. 1819), for dei første borna, eit tvillingpar, kom til verda i 1855. I 1857 vart sonen Tore fødd, kanskje er trøya ei gåve til mannen i samband med denne hendinga?

Eigaren har opplyst at den raudbrune kantinga er sett på seinare, likeins muddbandet. Dette fordi at kortare bukser krevde sidare trøyer. Samanliknar vi med trøyer frå Vestlandet og Setesdal, veit vi at det var vanleg med eit einsfarga stykke nede på bulen, for dette gjekk ned i buksene og vart gøymt.

Trøya er velbrukt og slitt, men viser godt handverk både med omsyn til spinning og strikking - det er ikkje noko nybyrjararbeid. Så har ho då også vore brukt i fleire generasjonar: først av Ole Olsen Myre, deretter av sonen Tore Olsen Myre Østgårdstrøen (1857-1916) og til slutt av sonesonen Lauritz Østgårdstrøen (1892-1975), far til noverande eigar. Siste eigar har ikkje brukt trøya, men han kan hugse at far hans gjekk med ho. I seinare tid har ho lege oppbevart saman med elglørsbuksa til oldefaren.

Trøya kjem frå eit område med rike husflidstradisjonar. Det er derfor ikkje så overraskande å finne ei strikka trøye her, kanskje kan ein heller undrast over at ikkje fleire er kjende?

Til slutt ein varm takk til Tore Østgårdstrøen som lånte ut den fine trøya si - og til husflidskonsulent Torbjørg Gauslaa som formidla sine kunnskapar omkring henne til meg.